# Meland kommune

Torgeir Johannessen
Herlaugsbakkane 25
5135 FLAKTVEIT

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 02.10.2019 |
| Dykkar: | Anngunn Marie Gullbrå | |
| Vår: 19/1948 - 19/20525 | anngunn.gullbra@meland.kommune.no | |

## Krav om retting av matrikkelkart- naustetomt GBNR 41/51

I samband med søknad om naust på Skarpeneset kjem det fram at det mest truleg er ein mangel i matrikkelkartet her.




Kommunen kan retta denne feilen dersom de ber om det. Dersom dei berørte partane på førehand har signert kravet om retting, kan kommunen rette feilen i matrikkelen og sende melding om utført retting.

Dersom berre de som eigar krev retting, eller kommunen vil utføra retting av eige tiltak, må me senda ut varsel med minst 3 vekers klagefrist på framlegget, før me kan utføra eventuell retting.

Her er det snakk om ei inneklemt naustetomt som i dag ligg reg. på GBNR 41/3. Dersom de får signaturen til grunneigar her på vedlagt krav om retting, så kan kommunen retta dette i matrikkelen. Det er også fint om

de får godkjenning frå naboane til naustetomtane, 41/85 og 41/53 dersom dette let seg gjera. Dei vil uansett få melding om at eventuell retting er utført.

De kan senda inn utfylt og signert  krav om retting saman med kart til Meland kommune. Me er kjend med at de har sendt inn kopi av skylddelinga for tomta, men om de har anna dokumentasjon på at det er denne tomta som høyrer til GBNR 41/51, er det fint om de sender inn også dette.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Krav+om+retting+av+feil+og+mangler+i+matrikkelen
41_51_krav om retting